

# Vinterstemning.

*av Aashild Driveklepp*

Eg ut av glaset sit og ser  
og ynskjer meg litt sommarver.  
Men snøen ligg litt her og der  
og mange nakne, store trær.

Men vissheit om at nok vi får  
ein vår tilbake og i år,  
forventning det i sinnet sår  
så dagane så lett dei går.

Staren kjem nok snart igjen  
byggjer reir så smått om senn.  
Og når dagen atter renn  
trufast kjem hans gamle ven.

Når bjørka "museøyre" får,  
då startskotet for turar går.  
Til fjells med sine vintersår  
vi varsame i røysa trår.

Vi grev og veltar stein for stein  
- kikar, vender ein for ein.  
Merkar knapt ein vart for sein  
- stein som datt ned på ditt bein.

Om storevarpet uteblei  
for det vi ikkje må bli lei.  
For turane i dal og hei  
er diamant på livets vei.